

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr
Ungdomsrådet		

Handlingsplan (UR) 2026-2027 - vidare arbeid i møte 08.09.2026

Kort om saka

Ungdomsrådet starta opp arbeidet med handlingsplanen for perioden 2026 - 2027 i møtet 17.02.2026. Det kom inn nokre få innspel som administrasjonen har lagt inn i sjølve planen, med forslag til korleis arbeide vidare med dei einskilde punkta. I møtet 14.04.26 hadde UR ein kort drøfting av kva tema som dei ønskjer å jobbe med vidare. I dette møtet vert det sett av tid til å gå gjennom det arbeidet som er gjort med handlingsplanen til no og plan for arbeidet ut over hausten.

Undervegs i arbeidet med planen vert den oppdatert med nye innspel og tema.

Dokument vedlagt saka

Tittel
Handlingsplan 2026-27 - vidare arbeid i møtet 26.05.26

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Det vert ikkje gjort vedtak i denne saka

Saksopplysningar

Ungdomsrådet (UR) vil halde fram med å få orienteringar og utvida kunnskap om dei tema som vert ført opp på handlingsplanen. I dette møtet vert det sett av tid til å jobbe med følgjande tema:

- Gjennomgang av handlingsplanen hittil i 2026
- Kor vil ungdomsrådet ha fokus i haust?
- Kollektivtransport - bussar på tvers
 - [Lokaltransport for ungdom \(LTU\) - Vestland fylkeskommune](#)

Oppfølging av samfunnsdelen til kommuneplanen

Kva for mål eller delmål i samfunnsdelen vert påverka? Gjer greie for eventuelle målkonflikhtar.

[Samfunnsdelen til kommuneplanen 2022-2034](#)